Bestandsplan for Midtre Naustdal Storvald 2020-2021 og 2022.



Føreord

Dette er bestandplanen for Midtre Naustdal Storvald, Sunnfjord kommune for treårsperioden 2020-2021 og 2022.
På grunn av nyetableringa av Sunnfjord kommune frå 2020 er det ein ny fase i organisering og praktisk arbeid, men ein legg til grunn at det ikkje er vesentleg endringar frå tidlegare opplegg.
Ved årsmøtegodkjend plan går ein ut frå at plana blir formalisert godkjend av den nye kommunen.
På grunn av at «fellestiltaket» i Naustdal med å lage felles utkast har drege ut i tid ut over det som er brukande, må Midtre Naustal Storvald sjølve utarbeide ny forvaltningsplan.
Grunnen for dette er at det i vedtekter for Midtre Naustdal Storval er nedfesta krav til saker i årsemøtet, samt frist for årsmøtearrangement.
Det er krav om gjennomføring av årsmøtet innan utgang mars kvart år. I dette møtet skal avkytingsplan for kvart å vedtakast. For 2020 betyr dette at ny plan må vedtakast før slikt vedtak kan gjerast.
Det er derfor slik at for å unngå at styret i Midtre Naustdal Storvald bryt reglar nedfesta i vedtekter, så har vi utarbeida eigen forvaltningsplan for vårt område. Slik vi gjorde tidlegare.
Styret i Midtre Naustdal Storvald planlegg å sende ut framlegget til ny plan for 2020, 2021 og 2022 saman med innkalling til årsmøtet som «høyring».

Generelt om plana.

Plana er ei skildring av hjorteførekomst i tillegg til tiltak for å nå ynskja målsetting. Målsettinga er uendra frå tidlegare og er bygd på dei tidlegare vurderingar for å etablere ei god forvaltning. Lesarane kan med fordel sette seg inn i aktiviteten som skjer i storvaldet ved å gå inn på heimesida « naustdalshjort.org» der meir detaljerte datagrunnlag og historiske data ligg. Plana er derfor endra slik at det ikkje blir brukt arbeid på å kopiere datatabellar, eller skrive lange avhandlingar om forvaltningsteori.

Jakktfelt

Jakta føregår i jaktfelt slik den har gjort før og dette vil ikkje verte endra på.
Ein kan likevel om ein vil, legge opp til flytting av løyver internt i bestandsplanområde, men då må det ligge føre ein skriftleg avtale mellom partane det gjeld. Ved slik justering må leiarane i jaktfelta likevel syte for vanleg rapportering i jaktportalen for å sikre rett rapportering.
Innkrevjing av fellingsløyver vil også skje i samsvar med kva som er rapportert utan omsyn til eigne avtaler.

Innhaldsliste

1. Områdeavgrensing og planperiode……..4

2. Målsetting……..4

3. Status……4

4. Handlingsdel……5

5. Oversikt og medlem og løyvetal……...7

6. Rullering og evaluering……9

Utfyllande informasjon 202-2021 og 2022……..10+11

1. Områdeavgrensing og planperiode 2020, 2021 og 2022

Denne plana er i stor grad likelydande md den plan som vart godkjent for perioden 2017- 2018 og 2019 (3- års plan).
Endringa består i at Midtre Naustdal Storvald har gjennomført dette arbeidt på eiga hand for å sikre at vårt storvald har ei plan som kan godkjennast i den nye Sunnfjord kommune slik at formalitet kring jakttildelinga er ordna.
Vi ser det også som særs viktig å ha slike formaliserte vedtak gjort i rett tid slik at alle som leiger ut jakt kan får stadfesta tildelingar så snart råd er slik at planlegginga kan gå som vanleg.

Plana skal leggast fram i årsmøtet i Midtre Naustdal Storvald våren 2020 i samsvar med vedtekter i storvaldet. Det er understreka at det er berre dette fora som har vedtaksmynde på slik sak i storvaldet.

2. Målsetting

For at ein skal kunne styre mot ei ynskja utvikling er det naudsynt med konkrete, målbare og tidfesta målsettingar. Måla skal ta omsyn til offentlege krav og føringar som ligg til grunn for hjorteforvaltning. Planområde ser det likevel som viktig av planen er basert på lokalt forankra målsettingar, ein legg difor til grunn at det kan vere ulike ynskjer mellom medlemmar i bestandsplanplanområde.
Forskrift om forvaltning av Hjortevilt har krav om at grunneigaranes bestandsplanar skal ta omsyn til offentleg målsettingar.

<u>Hovudmål:</u>

Hovudmålet for denne planperioden er å stabilisere stamma i tal på dagen nivå. Dette skal gjerast innafor berekraftige rammer for landbruket, skogbruket og andre samfunnsinteresser. Ein legg vidare til grunn ei målsetting om ein føreseieleg bestandsutvikling til gode for hjorteforvaltninga og andre samfunnsinteresser

Delmål:

- Det er eit mål å stabilisere stamma i tal på dagen nivå
- Det er eit mål å auke alder i bestanden.
- Det er eit mål å auke kvaliteten (vekt) på dyra i bestanden

3. Status

For statusen i bestanden, legg ein til grunn sett hjort, fellingstal med slaktevekter og lokalkunnskap. Ein legg til grunn at sett hjort materialet er av god kvalitet.
Det har dei siste 3 åra vore felt mellom 306 og 407 dyr innanfor grensene til planområdet, og det ser ut til at ein etter nokre få år med litt færre felte dyr, og redusert sett hjort per jegerdag, no i 2016 fekk ein auke igjen. Vi ser og at det har blitt skote fleire kalvar dei siste åra, og at det totale kalveuttaket i 2016 er på om lag 22,4%. Denne utviklinga er gledeleg, og noko planområdet vil jobbe vidare med å utvikle.


NINA sitt overvakingsprogram ligg til grunn data om alder på dei skotne dyra. Sjølv om ikkje Naustdal har vore med i dette, er det ingen grunn til å tru at tala skulle vere ulike her, sidan avskytinga har vore relativt lik. I dette talmaterialet ser vi at bestanden er ung. Dette er ei stor utfordring med tanke på kvalitet og produksjon i bestanden, og eit viktig satsingsområde for planområdet i denne planperioden.

Når det gjeld bestandens samansetting i høve kjønn, syner sett hjort at kolle per bukk ligg jamt på om lag 2:1. Dette er i grenseland i høve kva ein meiner er eit greitt kjønnsforhold, og planområde vil jobbe for å auke tal eldre hanndyr i bestanden.


Under følgjer samanstilling av fellingstal, sett hjort og overvakingsdata for planområde

År	2014	2015	2016
Prosent felt hannkalv	10,7	10,9	10,6
Prosent felt hunnkalv	8,7	8,1	11,8
Prosent felt hanndyr 1 ½ år	23,7	23,7	21,8
Prosent felt hunndyr 1 ½ år	25,8	25,7	22,7
Prosent felt hanndyr eldre	15,8	16,8	16,7
Prosent felt hunndyr eldre	15,3	14,8	16,4
Antall felte dyr	392	358	432


Tabell 1: Syner kva som er skote av dyr i perioden 2014 - 2016




Figur 3: Syner snittalder for dei skotne dyra i perioden 1991 - 2014



Figur 4: Syner sett hjort- tal for årsleveområdet dei siste 12 åra.



Figur 5: Syner sett hjort- tal for årsleveområdet dei siste 12 åra.



Figur 5: Syner endring i jakttrykk på ulike kjønns og aldersgrupper i bestanden. Jakttrykket aukar på kalv og minkar på eldre dyr.

Figur 6: syner vektutvikling på dei skotne dyra i perioden 2000 - 20016

Oppsummering:
Statusgrunnlaget indikerer ein bestand som er, og har vore stor. Det er variasjonar i dette innanfor perioden vi har tal for, men det kan sjå ut som om at trenden vi har hatt dei siste tre åra, med reduksjon i tal hjort, no er endra til ein auke. Dette kan ein sjå i både sett hjort og fellingsdata. Det er i og for seg også ein venta utvikling, når ein ser at avskytinga dei siste åra har auka litt på kalvar.

Vedlegg for perioden 2020-2021 og 2022:
Eige notat ligg ved denne plana som vedlegg der meir informasjon blir gjeve.

4. Handlingsdel

Planområdet legg til grunn målet om å stabilisere bestanden i tal på dagens nivå, og at ein mest truleg bør skyte litt fleire dyr i planområdet enn ein gjorde i 2016 (407hjort). Årsaka til det er at vi ønskjer å heve snittalder og betre vektene på dyra, og då må vi skyte meir kalvar og ungdyr enn det vi gjer i dag. Ein venta effekt av ei slik dreiing i avskytinga er produksjons- auke, og bestandsvekst. Det er difor naudsynt med litt høgre felling no fram over, enn kva vi gjorde i 2016.

Det må vidare skytast litt færre hanndyr, men denne endringa er ikkje veldig stor sidan det vert felt om lag 16% hanndyr eldre enn 1,5 år.
For bestandsplanområdet legg Viltrådet til grunn å oppretthalde løyvetalet, med å dreie avskytinga meir mot unge, ikkje produserande dyr og behalda høgare del produktive dyr i bestanden etter jakt.

Storvaldleiarar bør sikre at det gjennom eigne reglar for jaktfelta blir «føring» på om å "spare" store/eldre bukkar. Dette sikrer at de eldre bukkane er styrande i tida med brunst.
Det oppfordras å skyte mest mulig "små" dyr og heller la dei "gode emna" leve vidare.

For bestandsplanområdet skal den fordelinga av faktisk felte dyr – årleg avskyting - i sum og for kvart vald følgja slik fordeling:
Kalv MINIMUM 25 %
Ungdyr MINIMUM 45 %
Hanndyr Voksne Maks 15 %
Hodyr Voksne Maks 15 %
Husk at det kan felles kalv på alle løyver. Det kan og skytes kjønnsbestemte ungdyr på voksen løyva.
I tilfeller et storvald eller jaktfelt IKKE finner det forsvarlig og ta ut tildelt kvote voksne dyr anbefales det å ta ut disse dyrene som kalv. Uttak av kalv er det som minst påvirker bestanden.

Skrapdyrordninga skal vidareførast for å stimulere til uttak av små dyr.
Skrapdyrvektene vert og vidareførte, og er som følger:

Ho Kalv:	20 kg	Dyr skutt etter 10 Oktober
Hann Kalv	22kg	Dyr skutt etter 10 Oktober
Vaksne Hodyr:	40 kg.	
Vaksne Hanndyr:	42 kg.	

Vi forstår at avskytinga må leggjast om for å nå måla som er sett. Det må skytast færre vaksne dyr, og meir unge dyr, særleg kalv.

Valda vil ha årleg kjøns- og aldersfordelt tildeling lik avskytingsplanen. Valda vil ha fleksibilitet for flytting av løyver mellom år og mellom jaktfelt kvart år. Forskrifta set krav om skriftleg avtale om slik flytting av løyve mellom jaktfelta.

Rapportering

Rapportering av skutte dyr SKAL skje fortløpande på: www.settogskutt.no

Hoder på felte dyr skal kunne framvises for eventuell kontroll av SNO/Kommune inntil 2 døgn etter felling.
Jaktfelt ansvarlig har ansvar for at rapportering skjer og at hoder kan framvises for kontroll.

Vedlegg:
Framlegget er justert i form av vedlegg til denne plana slik at konklusjonar og framlegg til vedtak er tydelege for planperidoen 2020-2021 og 2022.
Styret har ikkje fremja endringar av målsetting etc.

5. Oversikt og medlem og løyvetal

Desse valda er med i samarbeidet og søkjer om slike løyvetal pr år og samla for planperioden:

Midtre Naustdal Storvald				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	148	148	148	444

Naustedalen Nordside Storvald				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	90	90	90	270

Nedre Sørside Storvald				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	105	105	105	315

Vevring Storvald				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	107	107	107	321

Horstad og Solheim Storvald				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	40	40	40	120

Sørsida Storvald				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	55	55	55	165

Instedalen Storvald				
Type Dyr	2017	2018	2019	Totalt
Frie Dyr	50	50	50	150

6. Rullering og evaluering

Styret for Midtre Naustdal Storvald gjer årleg vurdering av bestandsutviklinga og tilrår justeringar på den årslege avskyting. Vedtak skjer kvart år gjennom sak i årsmøtet. Det er valda sjølve som skal syte for at naudsynte justeringar blir gjennomført i valda slik at hovudmåla i bestandsplanen kan nåast.

Naustdal mars 2020.

Dokumentvedlegg til « Bestandsplan 2020-2021 0g 2022 for Midtre Naustdal Storvald, Sunnfjord kommune.

Bestandsplan for perioden åra 2020-2021 og 2022 er vidareførte frå tidlegare med samla pott på heile perioden på 444 dyr.

Dette er fordelt likt med 148 dyr pr år.

Det er framleis lagt til den tidlegare «justeringspott» i årleg tildeling på 20%.

Styret fremjar framlegg om at så lenge kommune krev inn fellingsløyver også for «skrapdyr», så er det ikkje fokus på omtale av «skrapdyr» som virkemiddel opp mot ekstra løyver. Likevel er det styret si oppfordring til alle jaktfelt at ein tek ut «skrapdyr» som eit forvaltningstiltak og som eit «humant tiltak» opp mot viltet.
Nytt styre bør arbeide for at kommunen ikkje krev inn avgift for dyr av klasse «skrapdyr» som eit forvaltningsmessig tiltak for å betre hjortestamma sin kondisjon. Dersom ein likevel skal krevje inn dette bør ein gjere vedtak om 100% tilbakeføring av slike avgifter til det storvald dette gjeld. Problemstillinga opp mot skadedyr og uttak av desse bør løysast ved at kommunen delegerer fullamt for slik tildeling til storvaldet og at det blir gjort rom for å «kompensere skadeløyver med nye løyver» som ein vanleg rutine.

Styret fremjar framlegg om at same reglar for grenser ved avskyting innan like dyregrupper blir vidareført også i denne planperioden og at ein endå sterkare legg vekt på å «spare» dei større bukkane for å sikre sunn adferd i brunsttid. Det er det enkelte jaktfelt sitt ansvar å syte for etterleving av denne regel.

Det datagrunnlag som no etter kvart blir etablert gjennom datasamling generert av observasjonar gjennom jakstsesong, er vurdert som langt sikrare enn tidlegare datainnsamling. Rett nok er det framleis slik at det er store variasjonar, men grunnlaget for observasjonane er relativt lik over tid. Ein kan derfor over tid med stor tryggleik sjå «trekk» i data relativt til tidlegare, slik at vurdering av volumet i stamma sin endring basert på avskyting bør kunne estimerast godt. Slik det ser ut no med avgrensa datamengder er det ikkje teikn på at ein reduserer stamma med vedtekne avskytingar. Den etablerte strategi med avskyting av «ungdyr», saman med fokus på « ta ut» små kalvar (skrapdyr), er eit godt tiltak for auka kvalitet i stamme.

Styret legg til grunn at det som vanleg (dette er heimla i vedtekter i storvaldet) blir gjort årlege vedtak i årsmøtet opp mot volum på avskyting og tildelingar basert på den godkjende bestandsplan. Her er det derfor råd å justere årvis. Årsmøta bør sjå på å etablere regel der

«ikkje felte løyver» blir samla og tildelte på nytt åra etter slik at ein får ei realistisk haldning til avskytingsavtale.

For alle jaktfelt gjeld at «Tildelingsbrev» med reglar som ligg på heimesida til storvaldet er gjeldande inntil nytt tildelingsbrev blir utforma, på det tidspunkt styret måtte bestemme dette. For Midtre Naustdal Storvald er tildelingsbrev lagde ut på nettsida vår og dersom det kjem nye utgår blir dette informert om på same stad.

Meir data og resultat i form av tabellar etc ligg publisert gjennom heimesida «NUSTDALSHJORT.ORG» slik at ein ikkje ser behov for å legge dette inn i vår bestandsplan for storvaldet vårt.

Det er lagt til grunn at alle som jaktar i Midtre Naustdal Storvald held seg oppdatert om reglar etc gjennom å gå til denne nettsida eller kommuniserer godt med den enkelte leiar av jaktfelt.

Styret

Midtre Naustdal Storvald.